

---

Saksnr: 2020/42949-4  
Saksbehandlar: Andreas Ask

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.01.2021

## Stønad til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune gir driftsstøtte for 2021 til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep Hordaland på kr. 220 000,-, og til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep Sogn og Fjordane på kr. 150 000. Løyvinga vert for 2021 dekkja av budsjettmidlar frå folkehelse, under løyvingsnivå til Plan, klima og folkehelse, og budsjettmidlar frå opplæring og kompetanse.

### Samandrag

Kompetansesenter mot seksuelle overgrep, Nok (tidlegare Senter mot incest og seksuelle overgrep - SMISO) har sidan 2012 hatt ei avdeling i tidlegare Sogn og Fjordane, og ei avdeling i Hordaland.

Kompetansesentera har fått driftsstøtte frå dei tidlegare respektive fylkeskommunane. Nok. Hordaland har for 2021 søkt om støtte på kr. 220 000,-, og Nok. Sogn og Fjordane har søkt om kr. 150 000,-. Det vert lagt opp til ei samordning av søknadshandsaminga gjeldande frå 2022. Samordninga vil gjerast ved utarbeiding av felles handlingsprogram til regional plan for folkehelse.

Finansieringa for 2021 vert dekkja av budsjettmidlar frå opplæring og kompetanse, og budsjettmidlar innan folkehelse, under løyvingsnivå til Plan, klima og folkehelse.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Rapport frå Nok. Sogn og Fjordane til Vestland fylkeskommune 2020
- 2 Søknad til Vestland fylke om driftsmidler til SMISO Hordaland for 2021

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kompetansesentra har sidan 2012 hatt ei avdeling i tidlegare Sogn og Fjordane (kontorstad Førde), og ei i Hordaland (kontorstad Bergen). Begge avdelingane har fått driftsstøtte frå dei tidlegare respektive fylkeskommunane. Grunngevinga for å bidra med midlar er at kompetansesentra er avhengig av fylkeskommunal støtte for å få utløyst statleg støtte til drifta. Når det gjeld føremåla og arbeidsområda til sentra vert det vist til i vedlegg.

I tidlegare Sogn og Fjordane fylke vart den årlege driftsstøtta finansiert av folkehelsemidlane. I tidlegare Hordaland vart støtta finansiert av midlar frå opplæringssektoren. Kompetansesenteret for Hordaland hadde ein toårig avtale om driftsstøtte på 220 000 kr årleg, og som gjekk ut ved årsskiftet. Driftsstøtte for SMISO Sogn og Fjordane for 2020 vart handsama i fylkesutvalet i mars 2020, og det vart løyvd 130 000 kr i driftsstøtte for 2020.

Det vert lagt opp til ei samordning av søknadshandsaminga gjeldande frå 2022. Samordninga vil gjerast ved utarbeiding av felles handlingsprogram til regional plan for folkehelse. Finansieringa for 2021 vert dekkja av budsjettmidlar frå opplæring og kompetanse, og budsjettmidlar innan folkehelse, plan, klima og folkehelse, slik at støtta til kompetansesentra vil ha same fordelingsnøkkel som tidlegare.

Det vert teke initiativ ovanfor kompetansesentra om ei samordning av informasjon og undervising av barn og unge når det gjeld incest og seksuelle overgrep. I tidlegare Sogn og Fjordane er søkelys retta mot barnehagetilsette og grunnskulen; og i tidlegare Hordaland mot vidaregåande skular.

Vestland fylkeskommune ønskjer ei samordning av innsatsen, slik at ein når alle desse aldersgruppene i fylket.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtaksmynde, jf. reglement for fylkesutvalet.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Disponible midlar innan budsjettet til folkehelse, under løyvningsnivå til Plan, klima og Folkehelse, og opplæring og kompetanse.

**Klima:** Klimaomsyn er ikkje relevant.

**Folkehelse:** Tiltaket kan medverke til å redusere sosial ulikskap når det gjeld å få kunnskap om seksuelle overgrep og hjelp til bearbeiding av skadeverknadane ved incest og seksuelle overgrep. Kunnskap om overgrep og hjelp til behandling av overgrepstraumer vil kunne auke livskvaliteten til den det gjeld monaleg.

**Utviklingsplan for Vestland:** Tiltaket støttar opp om FN's berekraftsmål som gjeld sosial berekraft. Desse måla er reflektert i utviklingsplanen for Vestland. Særleg er mål 4 i utviklingsplanen sentralt: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping; Pkt. 4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring. Dette byggjer på FN's berekraftsmål nummer 4 og 10.

### Konklusjon

Vestland fylkeskommune vil gje driftsstøtte til kompetansesentra Sogn og Fjordane også Hordaland for 2021 som eit bidrag til å støtte opp under mål 4, pkt. 4.3, i utviklingsplanen; å sikre deltaking gjennom trygg oppvekst.